Ei slik samordning av kontrollhandlingar i interkommunale samarbeid/selskap, kan klårgjerast og takast inn i vedtektene eller selskapsavtalen. Slik kan ein sikre at er det avtalt kven av kontrollutvala som skal samordne den folkevalde eigenkontrollen i interkommunale samarbeid/selskap.

Dette gjeld også vertskommunesamarbeid, der bør det kome fram av samarbeidsavtalen om det er vertskommunen som er ansvarleg for kommunestyret sin eigenkontroll. Eller kven som skal samordne forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll på området vertskommunesamarbeidet dekkjer.

Det er viktig å merke seg at ei slik samordning ikkje tek vekk den enkelte eigarkommune sitt eige ansvar for eigenkontroll med sine kommunale tenester, uansett tenesteleverandør.

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet vel ut områder for eigarskapskontroll basert på vurdering av risiko- og vesentlegheit og drøfting i utvalet.

Risikobiletet i kommunen vil vanlegvis endre seg over tid. Og andre forhold kan oppstå, som gjer at biletet vert endra gjennom perioden. Derfor kan det bli nødvendig å endre planen undervegs. Skal kontrollutvalet kunne gjere det, så må kontrollutvalet få dette ansvaret delegert frå kommunestyret.

Ein eigarskapskontroll er ei enklare kontrollform enn forvaltningsrevisjon, og undersøkinga baserer seg gjerne på eit mindre omfattande datamateriale/færre kjelder enn ein

⁶ [Varsling til kontrollutvalget om møter i selskap](#)

forvaltningsrevisjon. Derfor er også risiko- og vesentlegvurderinga som er gjennomført knytt til eigarskap, mindre omfattande.

Det er Møre og Romsdal Revisjon SA som skal utføre eigarskapskontrollen på bestilling frå kontrollutvalet. Og revisjonen leverer rapport etter utført oppdrag til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet rapportere til kommunestyret slik at kommunestyret kan fatte vedtak om eventuelle tiltak, og utvalet skal sjå til at dei vedtak som kommunestyret gjer i tilknytning til eigarskapskontrollen vert følgt opp.

Område for eigarskapskontroll 2024-2027

Det vart gjennomført ein eigarskapskontroll på slutten av førre periode, våren 2023. I rapporten frå denne kom det fram nokre områder for forbetring og læring. Det vil absolutt ha ein verdi at eigarskapskontrollen for denne perioden ser nærare på oppfølginga av forbetringpunkta og dei tilrådingane som vart gjeve i 2023, når det har gått ei tid.

I samband med at det våren 2024 vart gjennomført ei risiko- og vesentlegvurderinga av Sykkylven kommune si forvaltning av eigarskap, kom det fram at einskilde folkevalde uttrykte behov for meir kunnskap og informasjon om kommunen sine eigarskap. Dette var for så vidt ein del av forbetringpunkta frå 2023. No er det ny periode med nytt kommunestyre og ny samansetning av folkevalde. Då kan det vere nyttig for kommunestyret å få informasjon om korleis dette fungerer i denne perioden.

Mange av selskapa som Sykkylven kommune eig og har eigarinteresser i, skal levere viktige tenester til innbyggarane på vegne av kommunen.

Det er til dels store verdiar som vert forvalta på vegne av kommunen og innbyggarane.

Derfor bør det vere relevant for kommunen som eigar å vere opptatt av at styra har rett og god kompetanse for å forvalte dette.

Kommunen sin eigarstrategi og utøving av eigarstyring, kan gje retninga og legge grunnlaget for ei tilfredsstillande og god tenestforvaltning, gjennom dei selskapa kommunen eig og har eigarinteresser i.

Kontrollutvalet har valt ut følgjande områder for eigarskapskontroll i perioden 2024-2027:

- a. Eigarstrategi og profesjonalisering av styrer
- b. Oppfølging av eigarskapskontrollen frå 2023

Når det gjeld kontroll av om eit eller fleire konkrete selskap når sine eigne mål, så høyrer det heime i ein forvaltningsrevisjon. Viser til Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027.

Når kontrollutvalet litt ut i perioden skal bestille sjølv eigarskapskontrollen, så vil kontrollutvalet drøfte og spisse problemstillingane i lag med oppdragsansvarleg revisor. Dette er nødvendig for å sikre at bestiller og utfører har ei felles forståing av kva ein ynskjer å undersøke gjennom kontrollhandlinga.

Eigarskapskontroll gjennomført førre periode

Det vart i 2023 gjennomført ein eigarskapskontroll md følgjande problemstillingar:

- 1. Har Sykkylven kommune ei eigarskapsmelding som inneheld dei krav som ligg i kommunelova og dei tilrådingar som KS har gitt om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll?*
- 2. Utøver Sykkylven kommune sine eigarskap i Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS i tråd med kommunestyret sine vedtak og etablerte normer for god eigarstyring?*

Sykkylven kommunestyre behandla rapporten etter eigarskapkontrollen og gjorde slikt vedtak i sak 95/23 den 11.12.2023 i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet:

Kommunestyret merkar seg dei punkt til oppfølging og forbetring som kjem fram i rapporten

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å legge til rette for at årshjulet for eigarskapsoppfølging vert praktisert i 2024.

- 1. Kommunestyre bed kommunedirektøren gå i dialog med leiinga i det enkelte selskap, for å avtale praktiske rutiner som sikrar journalføring som omtalt i rapporten.*
- 2. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å revidere eigarskapsmeldinga slik at den kan vedtakast innan utgangen av 2024.*
- 3. Kommunestyret bed kommunedirektøren lage ein handlingsplan for oppfølging av punkt 1 og 2, og legge den fram for kontrollutvalet innan utgangen av mars 2024.*

Oppfølging av eigarskapskontrollen 2023

Sykkylven kontrollutval fekk eit skrifteleg notat frå kommunedirektøren til møtet 02.05.2024, sak 11/24. I tillegg gav kommunedirektøren utfyllande informasjon i kontrollutvalet sitt møte. Kontrollutvalet såg seg nøgd med informasjonen og avslutta då oppfølginga av eigarskapskontrollen frå 2023.

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING 2024-2027

Sykkylven Kommune

Grunnlagsdokument for plan for forvaltningsrevisjon og plan for
eigarskapskontroll 2024-2027

juni 2024

4. RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP – EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP

I dette kapitlet skal vi vurdere risiko- og vesentlegheit for kommunen sitt eigarskap, samanlikna med behovet for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Etter ei kort innleiing om kommunalt eigarskap, metodar og gjennomføring, skal vi undersøke kommunen sitt eigarskap. Deretter skal vi utføre ei risiko- og vesentlegvurdering av korleis kommunen styrar eigarskapet sitt og dei selskapa kommunen eig.

Analysen er delt inn etter dei ulike selskapsformene og tek ikkje for seg alle selskapa til kommunen. Analysen legg mest innsats i risikovurderinga av dei selskapa som er vurdert som mest vesentleg. Risiko- og vesentlegvurderinga byggjer på informasjon om Sykkylven kommune. Dette gjeld særleg informasjon om bakgrunnen for at kommunen er eigar eller har eigarinteresser i selskapet, og korleis kommunen tek vare på sine eigarinteresser. Sykkylven kommune har i stor grad gjort reie for og avklart dette i eigarskapsmeldinga som vart vedteken i 2023. I tillegg har vi gått gjennom anna relevant dokumentasjon som planverk, reglement, retningslinjer og prosedyrar.

4.1 INNLEIING

Kontrollutvalet skal etter lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.6.2018 § 23-2 i Kommunelova sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette er eigarskapskontroll. I § 23-4 er det reglar om utarbeiding av risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll.

Eigarskapskontroll er definert i Kommunelova § 23-4:

«Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sitt eller fylkestinget sitt vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring».

Eigarskapsmelding er eit viktig dokument ved utarbeiding av risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll. Ny kommunelov styrker kommunane si eigarstyring ovanfor kommunalt eigde selskap med vidare. Eit viktig grep er at det no gjeld eit lovfesta krav om eigarskapsmelding i lova si § 26-1.


Regelen gir minimumskrav til innhald i meldinga, og krev at meldinga skal bli utarbeidd minst éin gang i valperioden og bli vedteke av kommunestyret. Eigarskapskontrollen skal vere med å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Dette vil kunne gjere at kommunen kan påverke selskapet i ønska retning, at eventuelle medeigarar er likeverdige og samstundes som at selskapet er uavhengig.

4.2 OM KOMMUNALT EIGARSKAP

Norske kommunar har stor grad av fridom til å organisere tenestene sine. Dei kan velje mellom fleire organisasjonsformer: Kommunalt oppgåvefelleskap, interkommunale politiske råd, interkommunale selskap (IKS), samverkeføretak (SA), aksjeselskap (AS) eller stiftingar. Vi ser at utviklinga peiker mot at delar av den kommunale tenesteproduksjonen blir flytta ut av den enkelte kommune og over i ulike former.

Uavhengig av organisasjons- eller eigarform er det kommunestyret som har det overordna ansvaret for kommunen si samla verksemd. Kommunen sin påverknad er regulert gjennom lowerket knyt til dei ulike selskapsformene. Figur 4.1.1 under viser at organisasjons- eller eigarforma si sjølvstende i høve til kommunestyret varierer mellom dei ulike selskapsformene. Kommunestyret sin grad av påverknad for innsyn og kontroll er redusert i selskap med private eigarar, og i sjølvorganiserande stiftingar med mindre anna står i vedtekter og avtalar.

Figur 4.1.1. Visar ulike selskapsformer som kan etablerast for å utføre tenester i ein kommune



Kjelde: KS, 2020.

Når kommunen organiserer tenesteproduksjonen i eigen kommune, gjeld styringssystema som følgjer av kommunelova, og kommunestyret har i utgangspunktet all mynde til å ta avgjerle. Dersom verksemda er lagt i egne rettssubjekt, som aksjeselskap eller interkommunale selskap, må styringssystema følgje den aktuelle lovgivinga for styring av dei. Dette medfører at styring av selskapet må skje i selskapet sine eigarorgan, generalforsamling for AS og representantskap for IKS. Interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefelleskap er her underlagt kommunelova. Som egne rettssubjekt er dei styrt gjennom representantskap og styre. I AS med private eigarar og i stiftingar er det ikkje høve til kontroll med føretaket, med mindre det står i vedtektene eller selskapsavtalar.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre sin kontroll av IKS, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap, samt AS der ein kommune eller fylkeskommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller IKS direkte eller indirekte eig alle aksjar. Opplysningane kan bli gitt frå verksemda sin daglege leiar, styret og den valde revisoren for selskapet. Reglane om innsyn og undersøkingar i selskap o.l. i kommunelova § 23-6 gjeld på tilsvarande måte for kommunen sin revisor.

4.3 KJELDER TIL DATA

Data i dette kapitlet er henta frå følgjande kjelder:

- Kommunen sitt årsrekneskap for 2023, inkl. noter
- Kommunens eigarskapsmelding 2023
- Kommunen si heimeside, mellom anna postliste og politiske møtedokument
- Tidlegare revisjonar og generell eigarskapskontroll 2023
- Vår kjennskap til selskapa og kommunen
- Proff.no

4.4 EIGARSKAP I SYKKYLVEN KOMMUNE

I den nye Kommunelova kapittel 26 står det om eigarstyring i kommunane. Kommunar skal ha ei eigarskapsmelding, og at den skal bli revidert minst ein gang i valperioden. Sykkylven kommune sin eigarskapsmelding blei vedteke i 2023. Denne omhandlar rammeverket for kommunen sin eigarpolitikk, og omhandlar overordna prinsipp, retningslinjer og strategiar som regulerer kommunen sin styring og kontroll.

Eigarskapsmeldinga er bygd opp av tre delar; ein generell del med overordna eigarskapspolitikk med motiv og prinsipp for eigarstyring, del to som inneheld oversikt over dei spesifikke eigarposisjonane, og del tre med oversikt over roller, ansvar og årshjul for eigarskapsoppfølging. I eigarskapsmeldinga går det fram at Sykkylven kommune sitt føremål med selskap kan delast inn i to: Finansielt føremål med ev. tilleggsføremål (t.d. ringverknadar med eigarskapet som t.d. regionale arbeidsplassar eller lokalisering og hovudkontorfunksjon), og sektorpolitiske føremål eller andre politiske/regionalpolitiske føremål.

Følgjande prinsipp legg Sykkylven kommune til grunn for eigarstyringa:

1. Kommunestyret er generalforsamling i heileigde aksjeselskap.
2. Ordførar, eller den ordførar peikar ut, stiller på vegne av kommunen i deleigde selskap.
3. Kommunestyret oppnemner styremedlemar og representantar til aktuelle eigarorgan.
4. Den kommunale valnemnda skal forestå styremedlemmar til alle selskap der kommunen har styrerepresentasjon, dersom anna ikkje er vedtektsfesta.
5. Kommunestyret vedtek retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.
6. Det skal settast eit nøkternt nivå på leiarlønningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i selskapa.
7. Eigarskapsmeldinga skal oppdaterast etter behov, men skal handsamast av kommunestyret i løpet av første år av valperioden.

Årsrekneskapen skal innehalde note med oversikt over aksjar og eigarpostar som kommunen har og informasjon om bokført verdi per 31.12 ved utgangen av året. Note 5 om aksjar og delar i årsrekneskapen 2023 er som følgjer (utdrag):

Note nr. 5 – Aksjar og lutar

Budsjet og rekneskapsforskrifta, § 5-11, b)

Selskaps navn	Eierandel i %	Vesentlig endringer i eierandel	Vesentlig nedskrivning	Reversering nedskrivning	Bokført verdi 31.12
EIGARINNSK. ÅKNES/TAJFJ. IKS	20 %				200 000
MURITUNET AS	0,50 %				70 000
AURE OMSORGSBUSTADER AS	100 %				352 000
SYKKYLVEN BUSTADSELSKAP AS	100 %				4 600 000
SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS	100 %				51 670 516
BYRG KOMPETANSE AS	0,01 %				10 000
STORFJORDTERMINALEN AS	100 %				8 100 000
HAREID FASTL.SAMBAND AS	0,11 %				10 000
ATTVIN AS	1,95 %				46 000
BIBLIOTEKSENTRALEN AL	1 %				1 500
STORFJORDSAMBANDET ASA	34 %				4
SYKKYLVEN RESSURSENTER AS/FU	1 %				6 000
VELLEDALEN I BALANSE AS	0,006 %				5 000
SYKKYLVEN NÆRINGSUTV. AS	52,00 %				26 000
UTVIKLINGSFORUM FOR ÅLESUND LUFT	2,44 %				25 000
MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA	2,60 %				105 000
STRAUMGJERDE VASSVERK	1 %				5 000
DET NORSKE TEATRET LL	1 %				3
STORFJORD KULTURHUS SA	1 %				1
PLUSLAB AS	25 %				12 500
NORSK MØBELFAGLEG SENTER	25 %				17 000
KOMPETANSENTER FOR NORSK MØBELINDUSTRI			600 000		-
SYKKYLVEN FRLUFTSENTER	12,90 %				30 000
HUNDEIDVIK VASSVERK VERDI PÅL	1 %				5 000
ØVRE VELLEDALEN VASSVERK, PÅL	1 %				5 000
EIGENKAPITALINNSKOT KLP					20 750 071
Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS	9,09 %				-
Interkommunalt Arkiv for MoR IKS	2,24 %				-
			SUM		86 051 595

SYKKYLVEN KOMMUNE ER MEDEIGAR I FØLGANDE SELSKAP
Aksjeselskap (AS)

Attvin AS	Storfjordterminalen AS
Muritunet AS	Hareid Fastlandssamband AS
Aure Omsorgsbustader AS	Velledalen i Balanse AS
Sykkylven Bustadselskap AS	Sykkylven Næringsutvikling AS
Sykkylven Energi Holding AS	Pluslab AS
Byrg Kompetanse AS	

Interkommunale selskap (IKS)

Åknes/Tafjord IKS	Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal	

Samverkeføretak (SA)

Storfjord Kulturhus SA	Møre og Romsdal Revisjon SA
------------------------	-----------------------------

4.5 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP

Vi har brukt følgjande faktorar ved val av selskap som er eigna til eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon:

- Selskapet driv ein lovpålagt teneste for kommunen
- Selskapet har ein omsetning av en viss størrelse
- Selskapet har en stor økonomisk verdi for kommunen
- Selskapet har ein allmenninteresse
- Selskapet har tilsette
- Storleik på eigarskapet

GENERELLE RISIKOFAKTORAR

Når det gjeld prinsipp for eigarskap og forvaltning, formål med eigarskap samt representasjon i eigarorgan og styre, er det nokre generelle risikoområde:

- Kommunen har uklare prinsipp for utøving av eigarskap
- Kommunen bryt habilitetsreglar
- Kommunen er ikkje open i utøvinga av sitt eigarskap
- Føremålet med eigarskapet er uklart
- Kommunen kontrollerer ikkje om selskapet når sine mål
- Kommunestyret sitt vedtak blir ikkje følgd av selskapet
- Nominasjonsordning i kommunen sikrar ikkje naudsynt kompetanse i styret i selskap
- Mål og strategiar blir ikkje følgd opp
- Selskapet rapporterer ikkje i tråd med lovkrav og avtale
- Det er ikkje sikra innsyn og offentlegheit om eigarskap og i selskapa
- Kompetansen i styret og styresamansetjing er ikkje i tråd med kommunestrategi
- Habilitetsreglar blir ikkje teke omsyn til ved styresamansetjing
- Selskapet følgjer ikkje opp berekraftmåla

Sykkylven kommune bør ha rutinar for eigarskapskontroll som minimerer risikoen for at de generelle risikofaktorane som er lista ovanfor inntreff.

OPPLYSNINGAR OM KOMMUNEN, SELSKAPET OG VÅR RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

Sykkylven har vedteke eigarskapsmelding i 2023.

I eigarskapsmeldinga skal kommunen:

1. Tydeleggjere korleis Sykkylven kommune vil utøve ein overordna eigarskapspolitikk
2. Gje ei samla oversikt over alle kommunen sine eigarposisjonar

3. Vise aktørbildet og roller, samt korleis eigar vil utøve eigarskapsoppfølginga

Sykkylven kommune som eigar ønsker ei klargjort rolle- og ansvarsdeling mellom eigar og selskap, og som følgjer prinsipp for god eigarstyring og selskapsleiing, slik det er nedfelt i KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.

Sykkylven kommune sin visjon er SKAPARGLEDE.

Dei prioriterte områda frå eigarskapsmeldinga til Sykkylven omfattar:

- Berekraft
- Verdiskaping
- Tenestekvalitet
- Bustadsituasjonen
- Livskvalitet, likeverd og mangfald

Sykkylven kommune forventar at alle selskap legg til grunn kommunen sine føringar knytt til etiske retningslinjer, innkjøpsstrategi og openheit -og innsyn.

Møre og Romsdal Revisjon SA utførte ein eigarskapskontroll i november 2023, med ei grundig undersøking av eigarskapet i Sykkylven kommune. Eigarskapskontrollen frå 2023 vurderte at eigarskapsmeldinga til Sykkylven inneheld krava. Eigarskapsmeldinga til kommunen vart vedteken i mars 2023 i sak 17/2023.

Hovudkonklusjonen frå eigarskapskontrollen var som følgjer: «Etter vår vurdering er eigarstyringa i Sykkylven kommune i stor grad i samsvar med krav og anbefalingar. Mellom anna er det utarbeidd eigarskapsmelding».

Følgande forbetringpunkt ble påpekt i eigarskapskontrollen:

- prinsippa i eigarskapsmeldinga er kjent hos dei som representerer kommunen i eigarorgan
- kommunikasjon mellom selskap og kommunen blir journalført
- eigardag og fag/ tematiske dialogmøte blir gjennomført i tråd med vedteken eigarskapsmelding

Eigarskapskontrollen frå november 2023 minskar risikoen på området, men inneheld samtidig nokre forbetringpunkt for Sykkylven kommune som kan være aktuelle for en ny eigarskapskontroll. Generelt syner kontrollen at Sykkylven kommune utøver sitt eierskap i samsvar med krav og anbefalingar. Einskilde politikarar meiner det kan være behov økt kunnskap og informasjon omkring eigarskapet til kommunen.

Tabellen viser vår vurdering av risikonivå for eigarskapskontroll:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Mål og strategiar følgjast ikkje opp Selskap rapporterer ikkje i samsvar til lovkrav og avtale Det sikrast ikkje innsyn og offentlegheit om eigarskap og selskap	Har utarbeidd eigarskapsmelding i 2023 Generell eigarskapskontroll gjennomført i 2023 Journalføring av kommunikasjon Dialogmøte gjennomførast i tråd med eigarskapsmeldinga	Kommunens mål blir ikkje nådd. Manglande openheit, svekka tillit og omdømme. Svak internkontroll	L- M	H	L 

Aktuelt tema for eigarskapskontroll:

- Eigarskapskontroll – Eigarskapsstyring og -oppfølging, med eitt eller fleire av følgjande tema:
 - Møter blir gjennomført i tråd med vedteken eigarskapsmelding
 - Praktisering av offentlegheit
 - Kontroll av om selskap når sine mål
 - Kommunestyret sine vedtak blir følgde
 - Journalføring

6. VEDLEGG 1: INTERKOMMUNALE SELSKAP

- Attvin AS
- Muritunet AS
- Aure Omsorgsbustader AS
- Sykkylven Bustadselskap AS
- Sykkylven Energi Holding AS
- Byrg Kompetanse AS
- Storfjordterminalen AS
- Hareid Fastlandssamband AS
- Velledalen i Balanse AS
- Sykkylven Næringsutvikling AS
- Plusslab AS
- Sykkylven Ressurssenter AS/FU
- Velledalen i balanse AS
- Sykkylven Næringsutvikling AS
- Utviklingsforum for Ålesund lufthavn
- Straumgjerdet Vassverk
- Norsk Møbelfagleg senter
- Kompetansesenter for norsk møbelindustri
- Sykkylven friluftsentert
- Åknes/Tafjord IKS
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal Storfjord Kulturhus SA
- Sunnmøre kontrollutvalssekretariat
- Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 25/24	Sykkylven kontrollutval	27.11.2024

Møteplan Sykkylven kontrollutval 2025

Sekretariatet si tilråding:

Møteplan for Sykkylven kontrollutval i 2025:

1. møtet: 5. februar
2. møtet: 12. mars
3. møtet: 14. mai
4. møtet: 10. september
5. møtet: 12. november

Bakgrunn:

Kontrollutvalet er eit folkevald organ og skal gjennomføre sine møter i tråd med kapittel 11 i Kommuneleva: Saksbehandling i folkevalde organ, om ikkje anna særlovgiving for kontrollutval seier noko anna.

Det betyr mellom anna at

- Kontrollutvalet skal behandle sine saker og treffe vedtak i møte.
- Kontrollutvalet sine møter er opne for alle og saksdokumenta er offentlege
- Eit folkevald organ gjennomfører møte etter fastsett møteplan
- Utover dette kan ein gjennomføre møte i folkevalde organ om:
 - Organet sjølv eller kommunestyret vedtek det
 - Leiar av organet meiner at det er naudsynt
 - Minst ein tredel av medlemmane i organet krev det

Den som er valt medlem av eit folkevald organ, pliktar å delta i organet sine møter, med mindre det føreligg gyldig forfall. Med gyldig forfall er å forstå sjukdom eller andre hindringar som gjer det umogleg eller uforholdsmessig byrdefullt å møte. Som til dømes at ein må forsøme viktige og uoprettelige forretningar eller plikter, slik som møter i andre offentlige organer, eksamen, o.l.

Gyldig forfall kan også gjelde reise som det vil være urimeleg vanskeleg, praktisk eller tidsmessig å avbryte.

Forfall må, så snart situasjonen oppstår, bli varsla til kontrollutvalsekretariatet slik at varamedlem i rett rekkjefølgje kan kallast inn.

Vurdering:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møter, slik at kontrollutvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll. Kontrollutvalet bør planlegge sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste, då vil gjerne sakene kunne miste sin aktualitet.

Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året, som gjer det naturleg at utvalet har eit minimum av møte. I Sykkylven har kontrollutvalet som regel hatt fem møter gjennom året. Nokre få gonger har ein hatt behov for eit ekstra møte, t.d. i samband med uttale til årsrekneskapet.

I sekretariatet si tilråding til møteplan så har vi prøvd å ta omsyn til:

- tidspunkt for godkjenning av utvalet si årsmelding
- tidspunkt for rapportering frå rekneskapsrevisjon
- frist for uttale til revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding
- tidspunkt for tilråding til budsjettramme for kontrollarbeidet

Sekretariatet må også sjå alle møtedatoane i samanheng for dei sju kommunane vi er sekretariat for, og vi tek omsyn til dette når vi føresler datoar.

Det å ha ein møteplan sikrar at møteavviklinga er føreseieleg, og det gjer at innbyggjarar, media og andre folkevalde lettare kan følgje arbeidet til kontrollutvalet.

Sykkylven kontrollutval har så langt det let seg gjere, hatt møta i kommunestyresalen på Sykkylven rådhus, med møtestart kl 13.30.

Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside www.kontrollutval.no/sykkylven og på kommunen si heimeside i den ordinære møtekalendaren for folkevalde organ.

Heimel:

Kommuneloven kap. 11

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 26/24	Sykkylven kontrollutval	27.11.2024

Meldingar

Underliggende saker

14/24	Informasjon om opplæring og kurs for kontrollutval 2025
15/24	Informasjon om eigarskap i selskap

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 14/24	Sykkylven kontrollutval	27.11.2024

Informasjon om opplæring og kurs for kontrollutval 2025

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Det er to organisasjonar som tilbyr kurs og konferansar spesielt retta mot kontrollutvala. Forum for kontroll og tilsyn FKT - arrangerer konferansar og webinar for kontrollutvala. Her er Sykkylven kontrollutval medlem og har stemmerett på årsmøtet.

NKRF - kontroll og revisjon - gir ut bladet Kontroll & revisjon og arrangerer den årlege kontrollutvalskonferanse.

Det er sett av midlar til ein fysisk konferanse for kvart medlem, i budsjetttramma som kontrollutvalet har sendt til kommunestyret.

Kontrollutvalet må sjølve avgjer om og kven som skal delta.

Når det er avklart så melder den enkelte seg på og bestiller reise sjølv.

Fakturaadresse er Sykkylven kommune orgnr. 964 980 365 merkast kontrollutval.

Reiserekning vert å levere til kommunen på vanleg vis.

Lenkje til meir informasjon og påmelding ligg i vedlagte dokument.

- **29. - 30. januar 2025** arrangerer NKRF den årlege kontrollutvalskonferansen, **påmeldingsfrist 17. desember 2024**
- **3. - 4. juni 2025** Forum for kontroll og tilsyn FKT arrangerer fagkonferansen for kontrollutval, **påmeldingsfrist ca mars 2025**

Vedlegg

Lenkjer med informasjon konferansar 2025.docx

Her er lenker for meir informasjon og påmelding:

[NKRF Kontrollutvalskonferansen januar 2025](#)

[Forum for kontroll og tilsyn fagkonferanse for kontrollutval og årsmøte juni 2025](#)

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 15/24	Sykkylven kontrollutval	27.11.2024

Informasjon om eigarskap i selskap Sykkylven kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal halde seg informert om dei selskapa som Sykkylven kommune har eigarinteresser i.

Det er nyttig for kontrollutvalet å vere kjent med eigarmøter/årsmøter i desse selskapa. Både når det skal vere slike møter og å få protokollane når møta er haldne.

Vedlagt er der lenkjer til saksdokument i nokre selskap.

Protokoll frå årsmøtet i Møre og Romsdal Revisjon SA, og innkalling og ein protokoll frå Attvin AS ligg ved fordi desse to selskapa ikkje publiserer dette på sine heimesider.

Vedlegg

Lenkjer til eigarmøter 05112024.pdf

Møre og Romsdal Revisjon SA - Protokoll årsmøte 07.06.2024.pdf

Innkalling og protokoll - Attvin AS.pdf

Lenker til ulike eigarmøter/representantskapsmøter pr. 06.11.2024

[Representantskapsmøte 14.11.2024 i Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS](#)

[Representantskapsmøte 25.10.2024 Sunnmøre regionråd IKS](#)

[Representantskapsmøte 23.10.2024 i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS](#)

MØTEPROTOKOLL

ÅRSMØTE MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Møtested: Kjøpmannsgata 27, 6636 Angvika
Dato: 7. juni 2024
Kl.: 11.00 – 12.00

Deltakere

Kommune	Representant
Aukra kommune	Rita Rognskog
Averøy kommune	Kjell Neergaard
Fjord kommune	Arne Sandnes
Giske kommune	Kenneth Langvatn
Gjemnes kommune	Jan Karstein Schjølberg
Hustadvika kommune	Nils Christian Harnes
Kristiansund kommune	Kjell Neergaard
Molde kommune	Trygve Grydeland
Møre og Romsdal fylkeskommune	Anders Riise
Rauma kommune	Jan Peter Valde
Rindal kommune	Hugo Pedersen
Smøla kommune	Birgit Iversen Eckhoff
Stranda kommune	Einar Arve Nordang
Sunnadal kommune	Ståle Refstie
Surnadal kommune	Hugo Pedersen
Sykkylven kommune	Olav Harald Ulstein
Tingvoll kommune	Roger Bach
Vestnes kommune	Trygve Grydeland

Møtte ikke

Aure, Haram, Sula og Ålesund kommuner

Andre i møtet

Fra styret: Line Karlsvik (styreleder), Ingeborg Forseth, Svein Atle Roset og Ronny Rishaug

Fra administrasjonen: Martin Gjendem Mortensen og Ingrid Walstad Larsen

Stemmeoversikt

Kommune	Stemmer
Aukra kommune	2
Averøy kommune	2
Fjord kommune	2
Giske kommune	2
Gjemnes kommune	2
Hustadvika kommune	4
Kristiansund kommune	6
Molde kommune	6
Møre og Romsdal fylkeskommune	4
Rauma kommune	2
Rindal kommune	2
Smøla kommune	2
Stranda kommune	4
Sunnadal kommune	2
Surnadal kommune	2
Sykkylven kommune	2
Tingvoll kommune	2
Vestnes kommune	2

Totalt 50 stemmer.

Møteleder

Fast møteleder Torgeir Dahl har meldt forfall og vara Kjell Neergaard leder møtet.

01/2024 – Godkjenning av innkalling

Møteleder gikk igjennom innkallingen og forslø at den ble godkjent.

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Innkallingen godkjennes.

02/2024 – Valg av referent og 2 til å underskrive protokoll

Møteleder fremmet forslag om at Martin Gjendem Mortensen blir valgt til referent og at i tillegg til at møteleder som etter samvirkelova skal skrive under protokoll, velges i tillegg Trygve Grydeland til skrive under protokollen.

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Referent: Martin Gjendem Mortensen ble valgt til referent.

Underskrifter protokoll: Møteleder underskriver protokoll i tillegg til Trygve Grydeland.

03/2024 – Godkjenning av saksliste

Møteleder fremmet følgende forslag til saker i tillegg til sakslisten:

- Valg av fast møteleder og vara
- Valg av valgkomité
- Styrehonorar

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Sakslisten godkjennes med tilleggssaker som foreslått.

04/2024 – Rapportering strategidokument

Innstilling fra styret:

Årsmøtet vedtar rapporteringen på strategidokumentet.

Årsmøtet ber styret revidere strategidokumentet og legge fram forslag til revidert 0strategidokument for perioden 2025 – 2028.

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet vedtar rapporteringen på strategidokumentet.

Årsmøtet ber styret revidere strategidokumentet og legge fram forslag til revidert 0strategidokument for perioden 2025 – 2028.

05/2024 – Årsregnskap 2023

Innstilling fra styret:

Årsmøtet vedtar regnskapet for 2023:

Underskuddet på 1 325 265 kr dekkes av annen egenkapital

Anders Riise fremmet følgende forslag:

Årsmøtet ønsker utfyllende noteopplysninger, herunder detaljering som lønnsopplysninger av godtgjørelse til styret og daglig leder.

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet vedtar regnskapet for 2023:

Underskuddet på 1 325 265 kr dekkes av annen egenkapital

Årsmøtet ønsker utfyllende noteopplysninger, herunder detaljering som lønnsopplysninger av godtgjørelse til styret og daglig leder.

06/2024 – Åpenhetsrapport

Innstilling fra styret:

Årsmøtet vedtar åpenhetsrapporten

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet vedtar åpenhetsrapporten

07/2024 – Budsjett 2025 og økonomiplan

Innstilling fra styret:

Årsmøtet vedtar budsjett 2025 og økonomiplan slik det går fram av budsjettnotatet.

Styret får fullmakt til å gjøre nødvendige budsjettendringer.

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet vedtar budsjett 2025 og økonomiplan slik det går fram av budsjettnotatet.

Styret får fullmakt til å gjøre nødvendige budsjettendringer.

08/2024 – Kostnadsfordeling 2025

Innstilling fra styret:

Årsmøtet vedtar følgende kostnadsfordeling for 2025:

Kostnadsfordelingsmodell for 2025:

- Oppdragsansvarlig revisor: kr 1 350,- pr time

- Andre: kr 1 130,- kr pr time

I tillegg blir reisetid fordelt.

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet vedtar følgende kostnadsfordeling for 2025:

Kostnadsfordelingsmodell for 2025:

- Oppdragsansvarlig revisor: kr 1 350,- pr time

- Andre: kr 1 130,- kr pr time

I tillegg blir reisetid fordelt.

09/2024 – Gjenvalg av revisor – ES Revisjon

Innstilling fra styret:

Årsmøtet vedtar ES Revisjon som selskapets revisor.

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet vedtar ES Revisjon som selskapets revisor.

10/2024 – Valg av fast møteleder og vara

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Kjell Neergaard blir valgt til fast møteleder, og Trygve Grydeland blir valgt til vara.

11/2024 – Valg av valgkomité

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Til valgkomitéen velges Kjell Neergaard, Yvonne Wold og Einar Arve Nordang.

12/2024 – Styrehonorar

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet ber styret utarbeide et grunnlag om ekstraordinært styrehonorar til årsmøtet høsten 2024.

Kristiansund

Kjell Neergaard
Kjell Neergaard (Oct 1, 2024 15:21 GMT+2)
Kjell Neergaard

Trygve Grydeland
Trygve Grydeland (Sep 2, 2024 14:18 GMT+2)
Trygve Grydeland

Håkon Lykkebø Strand

Bjørn Inge Olsen

Kenneth Langvatn

Einar Arve Nordang

Olav Harald Ulstein

Terese Jemtegård Moen

Turid Kristin Sand Humlen

Vebjørn Krogsæter

Innkalling til generalforsamling i Attvin AS

Tysdag 26. november kl. 0900 i Alvikvegen 212 (det nye administrasjonsbygget til Attvin) i Ålesund.

Saker til behandling:

- 1 Opning og registrering av frammøtte aksjonærer
- 2 Val av møteleiar og ein person til å underteikne protokollen saman med møteleiar
- 3 Godkjenning av møteinnkalling og dagsorden
- 4 Budsjett for 2025
- 5 Instruks for valkomiteen i Attvin AS
- 6 Godtgjersle for valkomiteen i Attvin AS

Protokollen frå generalforsamlinga 7. juni 2024 ligg ved.

Med helsing

Liv Stette

Styreleiar, Attvin AS

Håkon Lykkebø Strand
Bjørn Inge Olsen
Steinar Aanning
Harry Valderhaug
Olav Harald Ulstein
Terese Jemtegård Moen
Turid Kristin Sand Humlen
Vebjørn Krogsæter

Protokoll frå generalforsamling i Attvin AS

Fredag 7. juni kl. 0900 i Alvikvegen 194 (Bingsa) i Ålesund.

Saker til behandling:

SAK 1: Opning og registrering av frammøtte aksjonærar

Behandling i møtet:

Styreleiar Liv Stette opna generalforsamlinga

Aksjonærane som var til stades som deltakarar på møtet var:

Namn	Aksjonær	Aksjer	Aksjedel
Håkon Lykkebø Strand og Vebjørn Krogsæter	Gamle Ålesund kommune	1 080	90,00 %
Bendik Havnegjerde	Sula kommune	29	2,39 %
Harry Valderhaug	Giske kommune	26	2,17 %
Øyvind Hunnes	Sykkylven kommune	23	1,95 %
Bjørn Inge Olsen	Vestnes kommune	20	1,67 %
Steinar Aanning	Stranda kommune	14	1,16 %
Terese Jemtegård Moen	Fjord kommune	8	0,66 %

I tillegg møtte styreleiar Liv Stette, dagleg leiar Øystein Solevåg, revisor Ivar-André Norvik, økonomisjef Tor Langlo-Johansen og leiar av marknadsavdelinga, Caroline Mehl Nakken

SAK 2: Val av møteleiar og to personar for å underteikne protokollen

Vedtak:

Styreleiar Liv Stette blei vald til møteleiar.

Terese Jemtegård blei valde til å underteikne protokollen saman med møteleiar.

SAK 3: Godkjenning av møteinnkalling og dagsorden

Vedtak:

Møteinnkallinga og dagsorden blei godkjend.

SAK 4: Rekneskap og årsberetning for 2023

Behandling i møtet:

Dagleg leiar Øystein Solevåg, revisor Ivar-André Norvik og økonomisjef Tor Langlo-Johansen orienterte. Orienteringane ligg ved protokollen.

Vedtak:

- 1) Generalforsamlinga godkjenner rekneskap og årsberetning for Attvin AS.
- 2) Disponering av årsresultatet blir som følgjer:
 - a. Utbytte kr 6 000 000
 - b. Overført frå annan eigenkapital kr 5 796 328
 - c. Totalt disponert kr 203 672
 - d. Konsernbidrag med skatteeffekt mottatt frå Attvin Produksjon AS kr 2 434 856

SAK 5: Oppdatert budsjett 2024

Behandling i møtet:

Økonomisjef Tor Langlo-Johansen orienterte. Orienteringa ligg ved protokollen.

Vedtak:

Generalforsamlinga tek orienteringa om budsjettet for 2024 til vitande.

SAK 6: Val av revisor og honorar til revisor

Vedtak:

- 1) EY blir vald til revisor for Attvin i 2024.
- 2) Honorar til revisor blir etter rekning.

SAK 7: Val av styre og styreleiar

Vedtak:

Styret i Attvin AS har etter årsmøtet i 2024 følgjande medlemmer.

Styreleiar	Liv Stette
Nestleiar	Inger Marie Sperre
Styremedlem	Torill Ansnes
Styremedlem	Tor Olsen Husø
Styremedlem	Levi Lervik
Styremedlem	Odd Harald Karlsen
Styremedlem	Eva Langstein
Første varamedlem	Rolf Magne Asbjørnsen
Andre varamedlem	Harry Valderhaug
Tredje varamedlem	Monica Busengdal

Funksjonsperioden er to år.

I tillegg har dei tilsette vald Natalie Østrem og Ivan Malechkov som faste representantar til styret i Attvin AS, med Kjell Arne Olsen og Stein Giske som varamedlemmer.

SAK 8: Godtgjersle for styret

Vedtak:

Godtgjersla til styret vert justert opp frå dagens satsar med 3,6 %.

Dette gir følgjande godtgjersle for 2023:

Verv	Godtgjersle 2022	Tillegg 3,6 %	Godtgjersle 2023	Merknad
Styreleiar	136 500	4 914	141 414	
Nestleiar	102 375	3 686	106 061	
Medlem	54 600	1 966	56 566	
Varamedlem	4 343	156	4 499	Per møte, maksimalt 56 566

SAK 9: Val av valkomité og leiar for valkomiteen

Vedtak:

Valkomiteen i Attvin AS har etter årsmøtet i 2024 følgjande medlemmer:

Leiar	Vebjørn Krogsæter	Representant for øvrige kommunar
Medlem	Monica Molvær	Ålesund kommune
Medlem	Hans Kjetil Knudsen	Ålesund kommune
Medlem	Tor André Gram Franck	Ålesund kommune
Medlem	Turid Kristin Sand Humlen	Representant for øvrige kommunar

SAK 10: Godtgjersle for valkomiteen

Forslag til vedtak:

- 1) Medlemmene i valkomiteen får ei møtgodtgjersle tilsvarande 1,6 % av G, per mai 2024 tilsvarar dette 1 898 kr per møte.
- 2) For øvrige kostnader (i hovudsak reise) gjeld «Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår» for Ålesund kommune.

Vedtak:

Saken blir utsatt til neste generalforsamling.

Protokollen blir elektronisk signert.